

25 år med folke-draktsaum

Bunadverkstaden til Grethe Rudi Bråten og Gunhild Nørsterud er eit skattkammer



Viser fram: Grethe Rudi Bråten viser fram to barnebunader ho har laga.

Bjørn Karsrud
bjorn@avisa-valdres.no



I 25 år har dei sett farge på valdres-samfunnet.

FAGERNES: Vi snakkar om – og med – damene i Valdres Folke-draktsaum. 1. august var det 25 år sidan denne vesle bedrifta såg dagens lys. Det var dagens drivarar, Grethe Rudi Bråten og Gunhild Nørsterud, som starta bedrifta saman med Liv Skattebo.

Frå husflid til bunad

Grethe Rudi Bråten hadde vore lærar og rektor på Husflidsskolen. Då den vart nedlagd, såg ho at bunadstilverking kunne vera ein nisje. Dei henta inspirasjon blant anna hjå Rørosdragstuggu på Røros. Valdres Folkemuseum gav dei husrom i den over 200 år gamle Jonsheggjbygningen.

Grethe Rudi Bråten har langt bortimot sydd bunader heile livet og er utdanna formingslærar. Gunhild Nørsterud har meisterbrev og svennebrev i kjole- og draktsaum. Ho hadde tidlegare jobba med bunader på Husfliden i Oslo og på Fagernes.

Å ta steget inn i den gamle Jonsheggbygningen er mest som å ta eit steg rett inn i 1800-talet – eit bunadmessig skattkammer. Her finn ein mellom gamle vegger både ferdige og uferdige -manns og kvinnebunader, forskjellige stoffrullar og alt tilbehør til bunadene

som blir sydd. Dei spøker med at dei er «stoffmisbrukarar». I hyl-lene ligg tilbehøret.

Midt i det heile er to arbeids-same damer som har sans for å ta vare på gamal tradisjon.

Rutatøya er handvove av Anne Holden i Røn. Sylvet kjem hovudsakleg frå Høvda Verkstad på Heggnes og Sylvsmidja på Voss som lagar Fossen Helle sylvet. Alle dei store tunge stoffrullane kjem mellom anna frå Gudbrandsdalen Uldvarefabrikk, Mandal Veveri og Krivi Vev.

Verneverdig fag

– Vi driv med handarbeid som går inn under kategorien små, verneverdige handverksfag, fortel Grethe og Gunhild.

Grethe held til i fyrste etasje og har spesialisert seg på kvinnebunader. For å treffe Gunhild må du gå opp den gamle troppa i gangen. Ho held til i andre høgda og driv med mannsbunader.

– Er tradisjon god salsvare?
– Kundane etterspør og er bevisste på kvalitet, seier Gunhild. Kvalitet er godt utført handverk etter gode gamle tradisjonar.

– Så bunadinteressa held seg?
– Ja, eg trur at interessa er større enn før. Alle jentene skal ha bunad til konfirmasjonen, og nokon gitar leier seg bunad til denne dagen. Bunaden har også vorte meir og meir populær blant dei yngre karane, seier Gunhild Nørsterud.

I tillegg til å sy nye bunader, tek dei også på seg å klyppe etter mål. Da kan kunden sy sjølv og eventuelt få time til rettleiing. Det blir og ein del omsaum. I åras løp har dei også halde mange kurs for folk som vil sy sine egne bunader. I tillegg har dei hatt fleire medarbeidarar og folk på opplæring. I dag er dei totalt fem under taket på Jonshegge.

– Det er mange hyttefolk og utflytte valdrisar blant kundane våre, men det er også fleire og fleire bygdefolk som tek seg råd til bunad, seier Gunhild Nørsterud. Sjølve jubileet vil dei markere laurdag 6. september på Landbruksdagen med draktframsyning på utescena og eigen stand.

– På denne dagen vore hyggeleg om så mange som muleg kjem i bunad, seier dei to bunadsyaranne.

FAKTA

Valdres Folke-draktsaum

- Oppretta 1. august 1989.
- Blir drive av Grethe Rudi Bråten og Gunhild Nørsterud som enkelt-personsforetak.
- Syr og leverer seks forskjellige kvinnebunader og tre ulike mannsbunader.
- Marknadsfører seg gjennom litt annonser, jungeltelegraf, valdres-folke-draktsaum.no og Facebook.
- Jubileum 6. september.



Ved sybordet: Grethe Rudi Bråten (t.v.) og Gunhild Nørsterud ved sybordet. Dei ser det som viktig å bevisstgjera folk på handsaum.



Kalott: Gunhild Nørsterud viser fram ei kolleluve som ho har laga.